

# **Styresak**

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 17.09. 2012  
Sakhandsamar: **Irene Valvik Vågen**  
Saka gjeld: **Oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF**

**Arkivsak**

2012/461/

**Styresak 102/12 B**

**Styremøte 03.10. 2012**

---

## **Forslag til vedtak**

Valstyret for Helse Vest RHF, for valet i 2013, skal ha følgjande medlemmer:

- Aslaug Husa, konserntillitsvald for LO, Helse Stavanger
- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Stavanger
- Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør, Helse Vest RHF

## **Innleiing**

Helse Vest RHF har eit styre med 13 styremedlemmer. Ni av desse styremedlemmene er oppnemnde av eigar, mens fire er valde av og blant dei tilsette i føretaksgruppa. Styremedlemmene blir oppnemnde for to år om gongen. Det blei sist gong gjennomført val på styremedlemmer til Helse Vest styret i februar 2011. Alle dei fire styremedlemmene som er valde av og blant dei tilsette, er til val i 2013.

Ved valet skal det bli valt fire styremedlemmer og fire vararepresentantar.

## **Fakta**

I *Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetaks og helseforetaks styre* står det i § 8 at valet skal bli leidd av eit valstyre. Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett. Valstyret skal vidare ha ein leiar og ein nestleiar. Kven som har stemmerett er bestemt i § 6. Her står det at «Alle som er ansatt i det eller de aktuelle foretakene på valgdagen, jf. § 5 første og annet ledd, har stemmerett».

Det er styra i føretaka som skal peike ut valstyret.

Det er valstyret si oppgåve å fastsette datoен for valet. Valstyret skal kunngjere valdatoen med ein frist på åtte veker. Valstyret skal også kunngjere om valet skal bli gjennomført som fleirtalsval eller som forholdstalsval. Det er valstyret si oppgåve å sjå til at innkomne forslag er i samsvar med lova og forskrifter, og om dei føreslår kandidatane er villige til å motta val.

Valstyret vil ha ein verkeperiode frå oppnemninga av styret i Helse Vest RHF og til valet i 2013 er gjennomført og godkjent. Det er ei målsetting at valet skal vere gjennomført i løpet av februar 2013.

Dei andre føretaka og Helse Vest IKT skal også etablere eigne valstyre for gjennomføring av val av styremedlemmer valde av og blant dei tilsette i løpet av hausten 2012. Det er ei målsetting at valprosessane i alle føretaka og Helse Vest IKT skal vere samkjørte, og at alle valstyrene blir einige om ein felles valdato for valet i 2013.

## **Konklusjon**

Forslag til nytt valstyre for Helse Vest RHF, for valet i 2013, er:

Aslaug Husa, konserntillitsvald for LO, Helse Stavanger  
Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Stavanger  
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør, Helse Vest RHF

Valstyret sin funksjonsperiode er fram til valet i 2013 er gjennomført og godkjent.